Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

# Møteprotokoll

**Utvalg:** **Verneområdestyret for SVR**
**Møtested:** , Jelsa Hotel, Suldal
**Dato:** 08.11.2022
**Tidspunkt:** 09:00 - 11:30

**Følgende faste medlemmer møtte**:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Margrete Dysjaland | Medlem | |
| Gerd Helen Bø | Medlem | |
| Per Sverre Kvinlaug | Medlem | |
| Steinar Kyrvestad | Medlem | |
| Margrethe Handeland | Medlem | |
| Henry Tendenes | Medlem | |
| Jonny Liland | Leder | |
| Sigbjørn Åge Fossdal | Medlem | |
| Stanley Wirak | Medlem | |
| Janne Nystøl | Medlem | |

**Følgende medlemmer hadde meldt forfall**:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Inger Lise Lund Stulien | MEDL | |
| Jan Dalen | MEDL | |
| Bjørn Laugaland | NESTL | |

**Følgende varamedlemmer møtte:**

| Navn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Torunn Munthe | | |

**Merknader:**

**Øvrige frammøtte:**

| Navn |
|---|
| Guro Sødergren |
| Jørn Trygve Haug |
| Alf Odden |

**Underskrift:**

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

# Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|---|---|---|---|
| ST 40/22 | Godkjenning av innkalling og saksliste | | |
| ST 41/22 | Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar | | |
| ST 42/22 | Orienteringer | | |
| RS 78/22 | Referatsaker | | |
| RS 79/22 | Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til hytte ved Stølsvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 58/1-2, Gjesdal kommune - Ann-Mari og Odd Haver | | 2022/7186 |
| RS 80/22 | Innvilget søknad om transport med helikopter i forbindelse med drift og vedlikehold av reguleringsanlegg i Åseral kommune, Agder Energi | | 2022/7096 |
| RS 81/22 | Innvilga søknad til motorisert transport med snøskuter, helikopter og motorbåt til Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre | | 2022/8078 |
| RS 82/22 | Godkjenning av inngangsparti/trapp og innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Gnr. 1, bnr. 7 Storhedder. Rhett Tønnesen. Bykle kommune. | | 2018/1999 |
| RS 83/22 | Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Frafjordheiane landskapsvernområde, Gjesdal kommune - Inge Marton Østebø | | 2022/8631 |
| RS 84/22 | Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune - Werner Bakka | | 2022/8858 |
| RS 85/22 | Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter frå Øvre Espedalsstøl i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 248/1, Sandnes kommune - Mindor Holte | | 2022/5881 |
| RS 86/22 | Delvis innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Hans Gaarder. Store Halvorsvatn. gnr. 5, bnr. 9. Bygland kommune | | 2020/6455 |
| RS 87/22 | Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Lusaheia landskapsvernområde, Hjelmeland kommune - Nilsebu og Storådalen beitelag | | 2022/8632 |
| RS 88/22 | Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Mån i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 60/1, Gjesdal kommune - Jæren Friluftsråd | | 2022/7997 |

| | | |
|---|---|---|
| RS 89/22 | Innvilga søknad om helikoptertransport av felt villrein frå Kvannvatnet i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 57/1, Suldal kommune - Olav Vetrhus | 2022/8086 |
| RS 90/22 | Innvilga søknad om helikoptertransport til Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/1, Hjelmeland kommune - Stavanger turistforening | 2022/7837 |
| RS 91/22 | Tillatelse til å bruke helikopter til frakt av felt storvilt på eiendom i Hægebostad kommune gnr/bnr 106/4-102/4. | 2022/7309 |
| RS 92/22 | Innvilga søknad om rassikringstiltak ved Urdevotni. FV 450 Brokke-Suleskard. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Agder Fylkeskommune. Valle kommune. | 2022/7699 |
| RS 93/22 | Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med frakt av nødvendig material, ved, proviant, brensel og utstyr til hytte ved Hanselegå (gnr/bnr. 6/13), Åseral kommune | 2022/6018 |
| RS 94/22 | Tillatelse til å bruke helikopter, ATV med belter og snøskuter i forbindelse med frakt av felt storvilt , gnr/bnr 102/5- 106/3 i Hægebostad kommune | 2022/7000 |
| RS 95/22 | Delvis innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Gnr. 5, bnr. 9 Stegilsøygard. Hans Christian Gaarder. Bygland kommune. | 2019/5567 |
| RS 96/22 | Innvilga søknad om justert dispensasjon til motorisert transport med snøskuter, helikopter og motorbåt til Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre | 2022/8078 |
| RS 97/22 | Innvilga søknad om dispensasjon til utbetring av punkt på kløvvegen til Steinkilen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre | 2022/7805 |
| RS 98/22 | Tillatelse til å bruke ATV med belter i forbindelse med frakt av felt storvilt, gnr/bnr 102/4 og 106/4 i Hægebostad kommune | 2022/7309 |
| RS 99/22 | Tillatelse til å bruke helikopter og ATV med belter i forbindelse med frakt av felt storvilt, gnr/bnr 101/7,9 og 28 i Hægebostad kommune | 2022/6194 |
| RS 100/22 | Innvilga søknad om dispensasjon til fasadeendring på hytte ved Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre | 2022/7144 |
| RS 101/22 | Tillatelse til å bruke helikopter for å frakte nødvendig material, utstyr, ved, proviant ol. til hyttene Skulebergtjønn og Breisletthei i Åseral kommune. | 2022/7165 |
| RS 102/22 | Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Småtjønndalen. Thor Harald Foss. Bygland kommune. | 2021/7645 |

| | | |
|---|---|---|
| ST 43/22 | Høyringsuttale til planprogram for Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet | 2022/9374 |
| ST 44/22 | Avtale om opning og brøyting av Lysevegen ( FK 4224) | 2022/3231 |
| ST 45/22 | Søknad om dispensasjon til å bruke Speidernes beredskapsgruppe til frakt av utstyr til turisthytter og kvisting av vinterløyper i SVR landskapsvernområde - Stavanger turistforening | 2022/9103 |
| ST 46/22 | Revidert søknad for utslaking av vegskråning langs riksveg 9 nord for Hovden. Statens Vegvesen. Bykle kommune. | 2022/5887 |
| ST 47/22 | Søknad om dispensasjon til å arrangere Sesilåmi og motorisert ferdsel i forkant, under og etter arrangementet for 2023-2025, Stiftingen Sesilåmi | 2022/7185 |
| ST 48/22 | Søknad om utvidelse av hytte ved Skjerlevatn/ Vestvassdalen ( gnr/bnr 102/108) i Hægebostad kommune. | 2022/729 |
| ST 49/22 | Søknad om helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2023, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK-BASE | 2022/9170 |
| ST 50/22 | Førebuande klagehandsaming - revidert søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med filmopptak på Kjerag - Frafjordheiane landskapsvernområde - gnr/bnr 221/1, Sandnes kommune - Film in Norway AS | 2022/6124 |
| ST 51/22 | Møteplan 2023- verneområdestyret SVR | 2021/9253 |
| ST 52/22 | Offentleg ettersyn. Detaljregulering for Lundane hyttefelt. Bykle kommune. | 2022/8938 |
| ST 53/22 | Eventuelt | |

# ST 40/22 Godkjenning av innkalling og saksliste

## Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

### Behandling

Ettersendt sak vedk. uttale til detaljreguleringsplan for Lundane vart satt opp på sakskartet ST 52/22.

### Vedtak

Ok, inga andre merknader.

## ST 41/22 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

### Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

**Behandling**

**Vedtak**

Stanley Wirak skriver under sammen med leder.

## ST 42/22 Orienteringer

### Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

**Behandling**

**Vedtak**

Saker tatt under eventuelt.

## RS 78/22 Referatsaker

## RS 79/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til hytte ved Stølsvatnet i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 58/1-2, Gjesdal kommune - Ann-Mari og Odd Haver

## RS 80/22 Innvilget søknad om transport med helikopter i forbindelse med drift og vedlikehold av reguleringsanlegg i Åseral kommune, Agder Energi

## RS 81/22 Innvilga søknad til motorisert transport med snøskuter, helikopter og motorbåt til Grjotdalsneset i

**Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre**

**RS 82/22 Godkjenning av inngangsparti/trapp og innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Gnr. 1, bnr. 7 Storhedder. Rhett Tønnesen. Bykle kommune.**

**RS 83/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Frafjordheiane landskapsvernområde, Gjesdal kommune - Inge Marton Østebø**

**RS 84/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Dyraheio landskapsvernområde, Suldal kommune - Werner Bakka**

**RS 85/22 Innvilga søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter frå Øvre Espedalsstøl i Frafjordheiane landskapsvernområde, gnr/bnr, 248/1, Sandnes kommune - Mindor Holte**

**RS 86/22 Delvis innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Hans Gaarder. Store Halvorsvatn. gnr. 5, bnr. 9. Bygland kommune**

**RS 87/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med leiting etter sau i Lusaheia landskapsvernområde, Hjelmeland kommune - Nilsebu og Storådalen beitelag**

**RS 88/22 Innvilga søknad om dispensasjon til helikoptertransport til Mån i Frafjordheiane**

**landskapsvernområde, gnr/bnr, 60/1, Gjesdal kommune - Jæren Friluftsråd**

**RS 89/22 Innvilga søknad om helikoptertransport av felt villrein frå Kvannvatnet i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 57/1, Suldal kommune - Olav Vetrhus**

**RS 90/22 Innvilga søknad om helikoptertransport til Melands-Grønahei i Vormedalsheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 41/1, Hjelmeland kommune - Stavanger turistforening**

**RS 91/22 Tillatelse til å bruke helikopter til frakt av felt storvilt på eiendom i Hægebostad kommune gnr/bnr 106/4-102/4.**

**RS 92/22 Innvilga søknad om rassikringstiltak ved Urdevotni. FV 450 Brokke-Suleskard. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Agder Fylkeskommune. Valle kommune.**

**RS 93/22 Tillatelse til transport med helikopter i forbindelse med frakt av nødvendig material, ved, proviant, brensel og utstyr til hytte ved Hanselegå (gnr/bnr. 6/13), Åseral kommune**

**RS 94/22 Tillatelse til å bruke helikopter, ATV med belter og snøskuter i forbindelse med frakt av felt storvilt , gnr/bnr 102/5- 106/3 i Hægebostad kommune**

**RS 95/22 Delvis innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Gnr. 5, bnr. 9 Stegilsøygard. Hans Christian Gaarder. Bygland kommune.**

**RS 96/22 Innvilga søknad om justert dispensasjon til motorisert transport med snøskuter, helikopter og motorbåt til Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre**

**RS 97/22 Innvilga søknad om dispensasjon til utbetring av punkt på kløvvegen til Steinkilen i Dyraheio**

## landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre

## RS 98/22 Tillatelse til å bruke ATV med belter i forbindelse med frakt av felt storvilt, gnr/bnr 102/4 og 106/4 i Hægebostad kommune

## RS 99/22 Tillatelse til å bruke helikopter og ATV med belter i forbindelse med frakt av felt storvilt, gnr/bnr 101/7,9 og 28 i Hægebostad kommune

## RS 100/22 Innvilga søknad om dispensasjon til fasadeendring på hytte ved Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre

## RS 101/22 Tillatelse til å bruke helikopter for å frakte nødvendig material, utstyr, ved, proviant ol. til hyttene Skulebergtjønn og Breisletthei i Åseral kommune.

## RS 102/22 Innvilga søknad om landingsløyve for helikopter. Småtjønndalen. Thor Harald Foss. Bygland kommune.

## ST 43/22 Høyringsuttale til planprogram for Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet

### Forvalters innstilling

Verneområdestyret for SVR sender ein høyringsuttale som inneheld desse momenta:

- Verneområdestyret er positive til at det under «aktuelle plantema» leggast opp til ei rekke gode tiltak i planområdet. Dette gjeld mellom anna:
  - Ta vare på og vedlikehalde kulturminne og kulturmiljø
  - Ta vare på landskap og naturmangfald
  - Styre og kanalisere ferdsel
  - Samanstille eksisterande kunnskap om viktige landskaps, natur og kulturverdiar
- Verneområdestyret vil minne om at det i Besøksstrategi for SVR blir vist kva for konkrete tiltak verneområdeforvaltninga legg opp til, når det gjeld informasjon og tilrettelegging for styring og kanalisering av ferdsel. Særleg punkta som handlar om Øygardsstøl og Kjerag vil være relevante i det vidare planarbeidet. Verneområdestyret vil spele inn at det bør utarbeidast ein plan for informasjonsskilt ved Øygardsstøl.
- Verneområdestyret registrerer at det i planprogrammet kjem tydeleg fram at tiltak i dei delane av planområdet som ligg i verna areal må være i tråd med aktuelle verneføreskrifter. I desse verneområda vil tilretteleggingstiltak som mellom anna bygningar, tyngre stitilrettelegging og omlegging av stiar være søknadspliktig. Det er

derfor viktig at ein i det vidare planarbeidet ikkje legg opp til søknadspliktige tiltak i desse områda utan god dialog med verneområdeforvaltninga.

## Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

| | |
|---|---|
| Stanley Wirak | Som innstilling, men med følgende tillegg:<br>*Lysefjorden og områdene rundt fjorden er et av de viktigste reiselivsmålene landet. Verneområdestyret vil understreke viktigheten av at det legges opp til et godt samspill mellom allmennhetens behov og interesser, og bærekraftig bruk og vern slik dette er definert i naturmangfoldlovens formål. Et slikt godt samspill vil muliggjøre en god næringsutvikling i et unikt område og dermed også sikre bosetning og verdiskaping.*<br>Avstemming: innstilling med nytt framlegg fra SW enstemmig vedtatt. |

### Behandling

### Vedtak

Verneområdestyret for SVR sender ein høyringsuttale som inneheld desse momenta:

- Verneområdestyret er positive til at det under «aktuelle plantema» leggast opp til ei rekke gode tiltak i planområdet. Dette gjeld mellom anna:
    - Ta vare på og vedlikehalde kulturminne og kulturmiljø
    - Ta vare på landskap og naturmangfald
    - Styre og kanalisere ferdsel
    - Samanstille eksisterande kunnskap om viktige landskaps, natur og kulturverdiar
- Verneområdestyret vil minne om at det i Besøksstrategi for SVR blir vist kva for konkrete tiltak verneområdeforvaltninga legg opp til, når det gjeld informasjon og tilrettelegging for styring og kanalisering av ferdsel. Særleg punkta som handlar om Øygardsstøl og Kjerag vil være relevante i det vidare planarbeidet. Verneområdestyret vil spele inn at det bør utarbeidast ein plan for informasjonsskilt ved Øygardsstøl.
- Verneområdestyret registrerer at det i planprogrammet kjem tydeleg fram at tiltak i dei delane av planområdet som ligg i verna areal må være i tråd med aktuelle verneføreskrifter. I desse verneområda vil tilretteleggingstiltak som mellom anna bygningar, tyngre stitilrettelegging og omlegging av stiar være søknadspliktig. Det er derfor viktig at ein i det vidare planarbeidet ikkje legg opp til søknadspliktige tiltak i desse områda utan god dialog med verneområdeforvaltninga.

som innstilling, men med følgende tillegg:
*Lysefjorden og områdene rundt fjorden er et av de viktigste reiselivsmålene landet. Verneområdestyret vil understreke viktigheten av at det legges opp til et godt samspill mellom allmennhetens behov og interesser, og bærekraftig bruk og vern slik dette er definert i naturmangfoldlovens formål. Et slikt godt samspill vil muliggjøre en god næringsutvikling i et unikt område og dermed også sikre bosetning og verdiskaping.*

Avstemming: innstilling med nytt framlegg fra SW enstemmig vedtatt.

# ST 44/22 Avtale om opning og brøyting av Lysevegen ( FK 4224)

### Vedlegg 1: avtale om opning og brøyting av Lysevegen ( FK 4224)

### Forvaltars innstilling

Verneområdestyret for Setesdal- Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) innvilgar avtala mellom Agder Fylkeskommune og SVR om opning og brøyting av Lysevegen ( FK 4224). Avtala avviker ikkje frå det brøyteregime som har vore gjennomgåande frå før.

Lysevegen skal ikkje begynne å brøytast før tidlegast veka før påske.

Lysevegen kan opnast for biltrafikk 1 mai og skal vera stengt for biltrafikk innan 31 november.

Prosedyrar og føresetnader om særskilte høve

- Om det er sikre observasjonar av villrein langs Lysevegen i april, eller det har opphaldt seg villrein vest for Lysevegen gjennom vinteren, skal dato for start av brøyting utsettast til faren for forstyrring ikkje lenger er til stade. Opning skal likevel kunne skje frå og med 1.mai.
- Om det er sikre observasjonar av villrein langs Lysevegen i november og desember, eller det har opphaldt seg villrein vest for vest for anleggsvegen frå Ådneram til Duge, skal Lysevegen stengast 1. november.
- Seinast ei veke før brøyting skal vegeigar kontakte forvaltningssekretariatet for ein utsjekk av om det er villrein i området.
- Avtalen skal reforhandlast om villreinens områdebruk endar seg vesentleg.

## Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

### Behandling

### Vedtak

Enstemmig vedtatt som innstilling.

# ST 45/22 Søknad om dispensasjon til å bruke Speidernes beredskapsgruppe til frakt av utstyr til turisthytter og kvisting av vinterløyper i SVR landskapsvernområde - Stavanger turistforening

## Forvalters innstilling

Verneområdestyret avslår søknaden frå Stavanger turistforening om å kunne bruke Speidernes beredskapsgruppe til frakt av utstyr til turisthytter og kvisting av løyper i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vinteren 2023. Vedtaket er fatta etter kapittel IV, punkt 5 i verneføreskrift for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og §48 i naturmangfaldlova.

Avslaget grunngjevast med at ein dispensasjon vil være eit brot på gjeldande forvaltningspraksis som er nedfelt i Forvaltningsplan for SVR. Her blir det lagt til grunn at motorisert transport skal gjennomførast av den som har dispensasjon til det aktuelle transportføremålet, eventuelt av leigekøyrar med kommunalt ervervsløyve.
Å endre forvaltningspraksis på dette punktet vil føre til store og uoversiktlege presedensverknadar. Dersom motorisert transport skal kunne gjennomførast av andre enn løyveinnehavar og leigekøyrar, vil eksisterande leigekøyringsordning bli uthola og få dårlegare lønnsemd. Noko som kan medføre eit dårlegare leigekøyringstilbod og at fleire, til dømes hytteeigarar, vil ønskje å ha eige snøskuterløyve. Dette er ei utvikling som kan føre til auka motorferdsel i verneområda.

Speidarens beredskapsgruppe og dei andre redningsgruppenes motorferdsel i verneområda er mellom anna regulert av Sør-Vest Politidistrikts øvingsplan for denne verksemda. Denne øvingsplanen har blitt til etter ein omfattande prosess, og omfattar ikkje den aktiviteten det nå er søkt om. Innføring av ei ordning der redningsgruppene får dekket deler av sitt behov for kjentmannskøyring gjennom å delta på andre aktørar sine transportar, vil endre føresetnadane for denne øvingsplanen. Denne ordninga kan derfor ikkje innførast før etter ein eventuell revidering av øvingsplanen. Det visast og til retningslinjene til Klima- og miljødepartementet, kor det går fram at det som ein hovudregel berre skal gjevast dispensasjon til kjentmannskøyring som inngår i ein øvingsplan.

Ei endring av forvaltningspraksis som inneberer såpass store konsekvensar bør ikkje skje gjennom handsaming av ein enkelt søknad. Ei slik prinsipiell avgjerd bør avklarast i prosessen med revidering av forvaltningsplanen eller gjennom at verneområdestyret handsamar dette som ein grundig utgreidd prinsippsak. Verneområdestyret ser at ei slik ordning kan bidra til å redusere motorferdsla i verneområda, men ønskjer å ta seg tid til å vurdere dei langsiktige effektane av å endre forvaltningspraksisen på dette område.

## Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

### Behandling

### Vedtak

Enstemmig vedtatt som innstilling.

# ST 46/22 Revidert søknad for utslaking av vegskråning langs riksveg 9 nord for Hovden. Statens Vegvesen. Bykle kommune.

### Forvalters innstilling

Med heimel naturmangfaldslova § 48 får Statens Vegvesen løyve til å fylle på massar i vegskråning langs riksveg 9 nord for Hovden liggjande i *Hovden Landskapsvernområde* og *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde*. Føremålet med tiltaket er å slake ut vegskråning for å minske risikoen for skade ved utforkøyring. Løyvet gjeld også naudsyn motorferdsel for utfylling av slike masser og fjerning av enkelte større stein som utgjer ein tryggleiksrisiko.

Vilkår

- Utfylling av massar kan berre skje innafor sona merka av i teikningsgrunnlaget med revisjonsdato 31.10.2022 og beskriving lagt inn i teikningane. Utfylling av masser skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for å ivareta trafikktryggleiken.
- Område med *verdifull våtmark* og *rikare bakkevegetasjon ref.* Faun rapport 030/2022 skal merkast av i marka før arbeidet tar til. Desse områda skal haldast inngrepsfrie så sant det ikkje er kritisk i høve til trafikktryggleik. Det same gjeld for opne vatn og bekkar.
- Køyring i terrenget skal berre skje innanfor sona med utfylling. Det skal ikkje gravast i terrenget utanfor sona med utfylling.
- For rask naturleg revegetering skal toppdekket i inngrepssona gravast av og leggast på toppen av utfyllinga. Tiltakshavar må sørge for at det i påfyllingsmassane ikkje kjem inn frømateriale som ikkje høyrer naturleg heime i området.
- Ved bruk av gravemaskin for fjerning av enkelte større stein skal dette skje utan at det vert sett køyrespor.
- I trekksona for villrein ved Breidvatn skal arbeidet gjerast utanom tida med ferdselsforbod f.o.m 25.4 t.o.m 31.5. Generelt for heile tiltaket gjeld at arbeidet skal utsettast om det oppheld seg villrein i nærområda til riksveg 9.
- Løyvet gjeld til 8.11.2025. Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks arbeidet er avslutta.

Før arbeidet tar til må tiltakshavar hente inn naudsynt tillating frå andre offentlege myndigheiter inkludert avklaring i høve til kulturminne.

Verneområdestyret legg vekt på inngrepssona gjennomgåande er snevra inn i høve til tidlegare søknad og at påverknaden på dreneringstilhøva og artssamansetninga er av lokal art. Utfyllinga skal skje i tilknyting til eksisterande inngrep der mykje av terrenget alt er påverka. Dei landskapsmessige verknadane vurderast som små då det i staden for ei vegfylling vert ei slakare vegskråning som på sikt vil gro til. For å ivareta villreintrekk over vegen er det vesentleg å unngå oppsett av autovern på strekninga. Verneområdestyret legg også vekt på at tiltaka sin viktigheit i høve til trafikktryggleik. Med gjennomføring av tiltaka med ei streng avgrensing etter vilkåra vil tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig jamfør naturmangfaldslova § 48.

Fresing av stubbar etter tidlegare vegetasjonsryddig vurderast å vera del vegvedlikehald som ikkje er søknadspliktig etter verneforskriftene. Verneområdestyret føreset at arbeidet kan gjennomførast utan køyrespor.

### Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

#### Behandling

#### Vedtak

Enstemmig vedtatt som innstilling.

## ST 47/22 Søknad om dispensasjon til å arrangere Sesilåmi og motorisert ferdsel i forkant, under og etter arrangementet for 2023-2025, Stiftingen Sesilåmi

### Forvalters innstilling

I henhold til forskrift om vern av Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiene landskapsvernområde kap. 4 pkt. 4.1 får stiftelsen Sesilåmi tillatelse til å arrangere turrennet Sesilåmi i 2023. I henhold til naturmangfoldloven § 48 får de også løyve til nødvendig motorferdsel i sammenheng med arrangementet. Løyvet gjelder for 2023.

Løyvet gjelder bare motorisert ferdsel (snøskuter og preparingsmaskin) som er helt nødvendig for å gjennomføre arrangementet. All transport med snøskuter og prepareringsmaskin skal utelukkende følge løypetraseen.

Motorisert ferdsel:

- -Nødvendig transport til matstasjoner kan gjennomføres renndagen og to dager føre.
- -Nødvendig transport og kjøring med snøskuter i forbindelse med sikkerhet, beredskap og evakuering skal kun utøves selve renndagen.
- -Nødvendig transport i forbindelse med filming av de fremste løperne på renndagen.
- -Nødvendig transport i forbindelse med sluttpatrulje etter renndagen.

Ved grunnpreparering, uten sporsetting, skal det kun beltes uten glattebrett, dette kan gjennomføres 2 ganger 14- 7 dager før renndato.

Grunnpreparering som inkluderer setting av skispor, kan prepareres 4 ganger i perioden 7-1 dager før rennstart.

Øvrige vilkår

- Alle som kjører med snøskuter på oppdrag for Sesilåmi skal ha med løyve samt ha på seg arrangørens gule vest. Arrangørene er ansvarlige for fordeling av løyve til den enkelte snøskuter samt prepareringsmaskiner.
- Arrangøren er ansvarlige for opprydning og fjerning av løypemerking dagen etter rennet. Søppel og annet avfall skal ikke brennes, men tas med ned fra fjellet.
- Arrangøren skal ikke markedsføre løypene utover selve renndagen.
- Om det oppholder seg villrein innen 500 m fra traseen 14-7 virkedager før renndato skal all grunnpreparering og løypesetting utsettes til siste uke før rennet.
- Om det skulle oppstå tilsvarende vanskelig beiteforhold for villreinen som vinteren 2020 kan ikke rennet gjennomføres. Arrangøren har ansvar for rutiner ved en slik avlysning.

Med hjemmel i verneforskriften kapitel IV pkt. 5.1 a avslår verneområdestyre den delen av søknaden som omhandler grunnpreparering tre uker før renndagen og søknad om gjennomføring av arrangementet i 2024-2025.

For korte ned tida for forstyrring av villrein blir perioden med grunnprepareringa redusert med en uke. Verneområdestyret gir løyve til arrangementet avgrenset til 2023. Verneområdestyret legger vekt på at rennet har ei lang historie og at arrangør alt har brukt mye ressurser i forberedelser og markedsføring. Verneområdestyret ber arrangør forberede seg på at 2023 kan bli siste året det gis tillatelse til Sesilåmi. Dette begrunnet med at arrangementet krysser viktige vinterbeiteområder der villreinen normalt oppholder seg i tiden før arrangementet. Gitt den krevende situasjonen for villreinstammen i Setesdal Ryfylke, senest aktualisert gjennom klassifiseringa i kvalitetsnormen, er ikke denne type arrangement forenelig med å ivareta et viktig funksjonsområde for villrein. Isolert sett er ikke arrangementet kritisk, men det må sees i nær sammenheng med ønske om å redusere den samla belastningen i villreinområdet.

Til informasjon er arrangøren er selv ansvarlig for å innhente godkjente løyver fra grunneierne og kommuner både til arrangementet og motorferdsel.

## Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

Steinar Kyrvestad

*I henhold til forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde kap. 4 pkt. 4.1, får stiftelsen Sesilåmi tillatelse til å arrangere turrennet Sesilåmi i årene 2023, 2024 og 2025. I henhold til naturmangfoldloven § 48 gis det tillatelse til motorferdsel i sammenheng med arrangementet.*

*Tillatelsen gis på følgende vilkår:*

*1. Preparering av traseen til Sesilåmi*
   a. *Tre uker før rennet: en kjøring*
   b. *To uker før rennet: to kjøringer i uka*
   c. *Nødvendig kjøring uka før rennet*

2. Nødvendig transport til matstasjonene i forhold til behov
3. Nødvendig kjøring for å sikre trygghet, beredskap og evakuering
4. Nødvendig kjøring med tanke på filming av rennet
5. Kjøring av sluttpatrulje gjennom løypa etter rennet

Jonny Liland

- I henhold til forskrift av vern av Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiene kap. 4 pkt. 4.1 får stiftelsen Sesilåmi tillatelse til å arrangere turrennet Sesilåmi. I medhold til naturmangfoldloven § 48 får de også løyve til nødvendig motorferdsel i sammenheng med arrangementet. Løyvet gjelder for tre år, 2023-2025.

• Løyvet gjelder bare motorisert ferdsel (snøskuter og preparingsmaskin) som er helt nødvendig i sammenheng med arrangementet.
➢ Nødvendig transport til matstasjoner kan gjennomføres inntil to dager før rennstart.
➢ Nødvendig transport og kjøring med snøskuter i forbindelse med sikkerhet, beredskap og evakuering skal kun utøves selve renndagen.
➢ Nødvendig transport i forbindelse med filming av de fremste løperne.
➢ Nødvendig transport i forbindelse med sluttpatrulje etter rennet.

• Grunnpreparering uten sporsetting med maskin av løypetrasè kan gjennomføres
➢ tre ganger to uker før rennstart
➢ siste uka før rennestart kan det grunnprepareres etter behov. Preparingen med spor skal avsluttes om det er villrein i området.

• Oppkjøring av sporet skal bare skje den uken rennet skal

gjennomføres.

Alle som kjører med oppdrag for Sesilåmi skal ha med løyve samt ha
arrangørens gule vest. Arrangørene er ansvarlige for fordeling av løyve til den
enkelte snøskuter samt prepareringsmaskin.

• Arrangøren er ansvarlige for opprydning og fjerning av løypemerking dagen
etter rennet. Søppel og annet avfall skal ikke brennes, men tas med ned fra
fjellet.
• Arrangøren er selv ansvarlige for å ha godkjente løyver fra de ulike
grunneierne, både til selve arrangementet og motorferdsel.
• Statens Naturoppsyn skal kontaktes når forberedelsene av arrangementet
begynner. Dette for informasjon om hvor dyra kan stå. Arrangøren må tilpasse
aktiviteten etter disse opplysningene.
• Om det oppholder seg villrein innen 500 m fra traseen 14-7 virkedager før
renndato skal all grunnpreparering og løypesetting utsettes til siste uke før
rennet.

2. Verneområdestyret viser til varslet arbeid om tiltaksplaner og avbøtende tiltak etter kvalitetesnormen. Som følge av dette vil verneområdestyret ta forbehold om at det kan bli endringer i løyvet etter 2025. I løpet av inneværende løyveperiode inviterer verneområdestyret til en nærmere dialog med arrangør om mulige tilpasninger av arrangementet i forhold til vernehensyn og sesilåmi behov for fremtiden.

**Behandling**

**Vedtak**

- I henhold til forskrift av vern av Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiene kap. 4 pkt. 4.1 får
  stiftelsen Sesilåmi tillatelse til å arrangere turrennet Sesilåmi. I medhold til naturmangfoldloven § 48 får de også løyve til nødvendig motorferdsel i sammenheng med
  arrangementet. Løyvet gjelder for tre år, 2023-2025.

• Løyvet gjelder bare motorisert ferdsel (snøskuter og preparingsmaskin) som er helt nødvendig i sammenheng med arrangementet.
➢ Nødvendig transport til matstasjoner kan gjennomføres

inntil to dager før rennstart.
➢ Nødvendig transport og kjøring med snøskuter i forbindelse med sikkerhet, beredskap og evakuering skal kun utøves selve renndagen.
➢ Nødvendig transport i forbindelse med filming av de fremste løperne.
➢ Nødvendig transport i forbindelse med sluttpatrulje etter rennet.

• Grunnpreparering uten sporsetting med maskin av løypetrasè kan gjennomføres
➢ tre ganger to uker før rennstart
➢ siste uka før rennestart kan det grunnprepareres etter behov. Preparingen med spor skal avsluttes om det er villrein i området.

• Oppkjøring av sporet skal bare skje den uken rennet skal gjennomføres.

Alle som kjører med oppdrag for Sesilåmi skal ha med løyve samt ha arrangørens gule vest. Arrangørene er ansvarlige for fordeling av løyve til den enkelte snøskuter samt prepareringsmaskin.

• Arrangøren er ansvarlige for opprydning og fjerning av løypemerking dagen etter rennet. Søppel og annet avfall skal ikke brennes, men tas med ned fra fjellet.
• Arrangøren er selv ansvarlige for å ha godkjente løyver fra de ulike grunneierne, både til selve arrangementet og motorferdsel.
• Statens Naturoppsyn skal kontaktes når forberedelsene av arrangementet begynner. Dette for informasjon om hvor dyra kan stå. Arrangøren må tilpasse aktiviteten etter disse opplysningene.
• Om det oppholder seg villrein innen 500 m fra traseen 14-7 virkedager før renndato skal all grunnpreparering og løypesetting utsettes til siste uke før rennet.

2. Verneområdestyret viser til varslet arbeid om tiltaksplaner og avbøtende tiltak etter kvalitetesnormen. Som følge av dette vil verneområdestyret ta forbehold om at det kan bli endringer i løyvet etter 2025. I løpet av inneværende løyveperiode inviterer verneområdestyret til en nærmere dialog med arrangør om mulige tilpasninger av arrangementet i forhold til vernehensyn og Sesilåmi sine behov for forutsigbarhet for fremtiden.

Avstemming:

Innstilling fra forvalter fikk 0 stemmer
Nytt felles framlegg fra verneområdestyret med unntak av Steinar Kyrvestad: 11 stemmer
Nytt framlegg fra Steinar Kyrvestad: 1 stemme (Steinar Kyrvestad)

# ST 48/22 Søknad om utvidelse av hytte ved Skjerlevatn/ Vestvassdalen ( gnr/bnr 102/108) i Hægebostad kommune.

### Forvalters innstilling

Med hjemmel i forskrift om *vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde kapittel IV pkt.1.3 bokstav c)*, gir verneområdestyret for Setesdal- Vesthei, Ryfylke og Frafjordheiane tillatelse til oppføring av tilbygg til fritidsbolig ved Skjerlevatn i Vestvassdalen, Hægebostad kommune, som omsøkt. Tiltakshaver kan utvide eksisterende bygning med 17 BYA.

Vilkår

- Maks tillat størrelse inkl. utvidelse skal ikke overskride 50 BYA.
- Møne høyde skal ikke overskride 4,5 m og gesimshøyde skal ikke overskride 3m og høyden på grunnmur må ikke overskride 0,5 m.
- Tiltaket skal bygges med samme kledning, farge og taktekke som eksisterende bygning.
- Det skal ikke sprenges for
- Alt av bygningsavfall skal fraktes ut av verneområdet og levers på godkjent mottak.
- Søker skal sende bilde av ferdig byggetiltak og gi en melding til forvaltingssekretariatet straks byggearbeidet er avsluttet.
- Dispensasjon til å bruke helikopter i byggearbeidet må søkes utenom.
- Byggeløyvet gjelder frem til 8.november 2025.

Verneområdestyret legger vekt på at det foreligger grunnlag for å gi tillatelse til omsøkte tiltak etter verneforskriften kapittel IV punkt 1.3 bokstav c).Tiltaket kan gjennomføres uten at det strir mot formålet med vernet og er vurdert til å ikke være en trussel for verneverdier. Tiltaket har liten påvirkning på landskapets art og karakter. Tilbygget til den eksisterende bygningen vil ikke overskride 50 BYA og er derfor innenfor grensen for utvidelse som kan godtas.

Før arbeidet sette i gang må det innhentes nødvendig tillatelse fra Hægebostad kommune.

## Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

### Behandling

Kulepunkt fire i innstillingen endres til: *Det tillates ikke sprenging for gjennomføring av tiltaket*

## Vedtak

Enstemmig vedtatt som innstilling og med endring som ovenfor.

# ST 49/22 Søknad om helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2023, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK-BASE

## Forvalters innstilling

Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til 200 landingar med helikopter på Kjerag i samband med transport av personar og utstyr til arrangementet "Heliboogie 2023". Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 21-24. juni 2023. Verneområdestyret legg til grunn at forstyrringa av naturmangfald og fotturistar er relativt avgrensa, og går føre seg over eit så kort tidsrom at dette vurderast til å ikkje være i strid med verneføremålet.

Dispensasjonen på omfattar transport av basehopparar, andre luftsportutøvarar, arrangørstab, filmmannskap og journalistar til og frå Kjerag. Dispensasjonen omfattar og transport av utstyr til desse aktivitetane. Denne utvidinga av dispensasjonen kan gjennomførast, da dette vil ikkje medføre fleire helikopterlandingar.
Verneområdestyret vidarefører vedtaket frå styresak 40/20, der det vart opna for passasjerar kan takast med på returflygingane frå Kjerag til Lysebotn. Andre kan dermed sitte på returtransportane frå Kjerag til Lysebotn dersom dette ikkje medføre auke i talet på transportar.

Helikoptertransportane skal gå føre seg mellom landingspunkta Lysebotn og Kjerag. Landingspunkt på Geitaneset kan brukast dersom det oppstå situasjonar der det blir nødvendig. Det skal følgjast flygeruter som er teikna inn på kartet i vedtaket.

Verneområdestyret vil presisere at det ikkje må takast med gjenstandar som kan medføre forsøpling utfor stupkanten, og at det må leverast inn rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvaltningssekretariatet innan 1. august 2023.

Kart over flygeruter

Vi vil og gjere merksam på at det i tillegg til dispensasjon etter verneføreskrifta, må innhentast nødvendig dispensasjon frå Sandnes kommune og samtykke frå grunneigar

Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen avslag på sin søknad om dispensasjon til å gjennomføre 300 landingar med helikopter på Kjerag i samband med

Heliboogie 2023. Verneområdestyret vurderer 300 helikopterlandingar til å medføre såpass omfattande forstyrringar av fotturistane på Kjerag at det ikkje er grunnlag for å gi dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova.
Verneområdestyret viser elles til vurderingane som vart gjort av Miljødirektoratet i deira klageavgjerd for Heliboogie 2020. Her blir det mellom anna satt ei øvre tak på 200 helikopterlandingar, for å avgrense størrelsen på arrangementet og konfliktar mellom brukargrupper. Etter verneområdestyret si vurdering utgjer dette talet framleis rammene for dispensasjonen.

Med heimel i §2 og §3, punkt 1.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til å sette opp ein mellombels installasjon ved ein uthoppstad under arrangementet ”Heliboogie 2023” 21-24 juni 2023. Installasjonen er ei rampe som skal «skyte» basehopparar ut over stupkanten. Verneområdestyret legg vekt på at installasjonen er relativt liten og berre skal stå på staden inntil fire dagar. Det skal heller ikkje brukast boreboltar til forankring.

## Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

### Behandling

### Vedtak

Enstemmig vedtatts om innstilling

# ST 50/22 Førebuande klagehandsaming - revidert søknad om dispensasjon til helikoptertransport i samband med filmopptak på Kjerag - Frafjordheiane landskapsvernområde - gnr/bnr 221/1, Sandnes kommune - Film in Norway AS

### Forvalters innstilling

Det visast til klage frå Naturvernforbundet i Rogaland (NIR) og Norges Jeger- og Fiskerforbund i Rogaland (NJFF-R), dagsett 07.09.2022, på vedtak fatta av verneområdestyret 11.08.2022, sak 37/22. Det visast og til vurderinga av om klagen skulle gis oppsettande verknad i AU-sak 38/2022.

Med heimel i forvaltningslova § 33, opprettheld verneområdestyret sitt vedtak i Styresak 37/22, om å gje Film in Norway dispensasjon til inntil 124 helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde, innanfor tidsrommet 15-30.09.2022.

Vedtaket grunngjevast med at klaga ikkje inneheld moment som ikkje alt var ein del av verneområdestyret si vurdering i første gongs handsaminga av saka. Både innverknad på naturmangfald, forstyrring av fotturistar og moglege presedensverknadar, vart grundig drøfta både i saksframlegg og handsaminga i styremøte.

Saka sendast derfor til Miljødirektoratet for endeleg klageavgjerd.

## Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

### Behandling

### Vedtak

Enstemmig vedtatt som innstilling

# ST 51/22 Møteplan 2023- verneområdestyret SVR

### Forvalters innstilling

Verneområdestyret vedtar møteplanen. Forslag til datoer er godkjent og diskutert i plenum. Styremedlem må melde avbud om den aktuelle dato ikke skulle passe.

| Dato | Tid og sted | Hva skjer | Annet |
|---|---|---|---|
| 20. februar | 11.00 - Åseral | Ordinært styremøte | |
| 29.mai | 11.00- Sirdal | Ordinært styremøte | |
| 18-17 august | Suldal | Ordinært styremøte kombineres med befaring | |
| 13 november | 11.00- Bygland | Ordinært styremøte | Inkl. rådgivende utvalg |

## Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

Jonny Liland

| Dato | Tid og sted | Hva skjer | Annet |
|---|---|---|---|

| | | | |
|---|---|---|---|
| 20. februar | 11.00 Åseral | Ordinært styremøte | Rådgivende utvalg |
| 17. – 29. mai | Europa | Styretur | Sekr. ser på alternativer. Avhenger av budsjettramme |
| 22. august | 11.00 Gjesdal | Ordinært styremøte | |
| 13. november | 11.00 Bygland | Ordinært styremøte | |

### Behandling

### Vedtak

Nytt fremlegg enstemmig vedtatt.

## ST 52/22 Offentleg ettersyn. Detaljregulering for Lundane hyttefelt. Bykle kommune.

### Forvalters innstilling

Verneområdestyret syner til offentleg ettersyn av *Detaljregulering for Lundane* hyttefelt.

Føreslått arealbruk innafor delar av planområdet er i konflikt med verneføresegna for *Hovden Landskapsvernområde* og *Vidmyr naturreservat*. Planen vil såleis ikkje kunne gjennomførast før det eventuelt er gjeven ein dispensasjon frå verneføresegna. For at det skal kunne gjevast ein slik dispensasjon er det ein føresetnad at tiltaka ikkje strir mot verneføremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig jamfør naturmangfaldslova § 48. Grunna ei strengare verneform vil det vera ein høgare terskel for å tillate inngrep i naturreservat enn i landskapsvernområde. I ein eventuell dispensasjonssøknad må det særleg beskrivast plassering, omfang og utforming av anlegga som strekk seg inn i verneområda.

Eit alternativ til å søke dispensasjon er at planen endrast slik at den ikkje opnar for tiltak som bryt med verneføresegna. Verneområdestyret legg til grunn at for skiløyper må desse kunne etablerast utan fysiske tiltak på barmark.

I planforslaget må det beskrivast og leggast vekt på korleis tiltak utanfor verneområda vil påverke verneverdiane jamfør naturmangfaldslova § 49.

## Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

### Behandling

### Vedtak

Enstemmig vedtatt som innstilling.

# ST 53/22 Eventuelt

## Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 08.11.2022

### Behandling

*Tiltaksplaner etter Kvalitetsnorm for villrein*
Klima – og miljødepartementet har bedt Miljødirektoratet iverksette arbeidet med tiltaksplaner ref. skriv datert 2.11.2022 sendt verneområdestyret i forkant av møtet. Det skal lages tiltaksplaner både for Setesdal Ryfylke villreinområde og Setesdal austhei villreinområde. Arbeidet skal ledes av statsforvalteren i Agder og med Norsk Villreinssenter som sekretariat. Verneområdestyret opptatt av at de blir involvert i arbeidet.

*Omdisponering av tiltaksmidler for 2022*
Behov for å omdisponere om lag 150 000 kr. Forvaltningssekretariatet sammen med styreleder får fullmakt til slik omdisponering.
*Møtegodtgjørelse*
4 timer godkjent for aktuelle møte. Verneområdestyret oppfordres til å være raske med å sende inn krav for 2022.
*Stillingsressurser og kontorsted forvalter*
Forvalter Guro Södergren har sagt opp stillingen og begynner i SNO 1. februar 2023.
Forespørsel fra Statsforvalteren i Agder v/Miljøverndirektør om verneområdeforvalterne for SVR kan bidra med ressurser til forvalteroppgaver i Oksøy – Ryvingen og Flekkefjord LVO til ny forvalter er på plass der. Forvaltningssekretariatet og styreleder i SVR har signalisert at dette ikke er aktuelt gitt at Guro Sødergren slutter i. februar. Verneområdestyret sluttet seg til denne vurderinga.
*Fremmøte:*
Agnes Hovden har deltatt på møte som vara for Jan D. Dalen, hun var på møtetidspunktet ikke registrert i elements, derfor står hun under eventuelt denne gangen.
Tal på godkjente timer: 4

### Vedtak